

Referat SR 23-27/28

Møte i Sveio sokneråd

Dato: Torsdag 11. juni 2026

Tid: kl. 19:00 – 21:00

Stad: Sveio soknehus, Steinhaugvegen 10, 5550 Sveio, Møterommet ved inngangen.

Ord for dagen ved Arild Steinsland

Saksliste:

Saksnummer *Sakstittel*

SR 22/26 Opprop, godkjenning av innkalling og dagsorden

Leiar tok oppmøte. 8 av 9 møtte, - vedtaksfør (minst 5)

Rune Hjelmeseter	Møtt
Solfrid Lier Habbestad	Meldt forfall
Bente Hovland Johannesen	Meldt forfall
Anne Vierdal	Meldt forfall
Hildur Larsen	Møtt
Astrid Yasmin Furdal	Møtt
Leiv Rossehaug	Møtt
Sigrund Breistig	Meldt forfall
Lars Severin Reiersen (vara)	Møtt, med stemmerett
Lars Edvart Larsen (vara)	Møtt, med stemmerett
Rikard Stokkenes (vara)	Møtt, med stemmerett
Eirik Aadland Tappel (geistleg)	Meldt forfall
Arild Steinsland (vara geistleg)	Møtt

Kommentarar til innkallinga:

- Rikard Stokkenes får ikkje e-postane i gruppeinnkallinga til møta.
- Møtepapira til dagens møte vart sendt ut litt seint, slik at det vart vanskeleg å få sett gjennom alle vedlegga. Møtet vart flytta frå 17:30 til 19:00 grunna arrangement for staben, som vart lagt på same dag

Saker meldt til eventuelt:

Lekkasje i kyrkja

Vedtak:

Soknerådet godkjenner innkalling og set dagsorden.

SR 23/26 Godkjenning av referat frå sist soknerådsmøte

Merknadar til referatet frå sist møte:

- Møtet i april var fellesmøte. Førre møte i Sveio sokneråd var i mars. Referatet frå dette møtet har ved ein glipp ikkje blitt sendt ut til medlemmene i soknerådet, berre til kyrkjeverja.
- Referatet blei sendt ut under møtet, men vart ikkje handsama i møtet.

SR 24/26 Gudstenester sidan sist

Orienteringssak

Formål: Ei av soknerådet sine oppgåver er å sjå til gjennomføringa av gudstenesta.

Her kan erfaringar og tankar rundt gudstenestene leggest fram:

- Det har vore 11 gudstenester i Sveio sokn, sidan møtet vårt i mars og det er vanskeleg å hugse så langt tilbake. Leiar føreslo difor at soknerådet gjekk gjennom gudstenestene etter felles soknerådsmøte i april, då det ligg nærare i tid.

3. mai – Kyrkjekaffi i nytt kjøkken i Kyrkja

14. mai – Kristi Himmelfartsdag – Ikkje kyrkjekaffi

17. mai – Fin gudsteneste med bidrag frå elevar i 4. klasse
24. mai - Pinsedag – Ikkje kyrkjekaffi, fordi kyrkjevertgruppa ikkje hadde blitt kalla inn og leiar for gruppa tok denne åleine.

Det har vore litt dårleg med kyrkjekaffi i vår, grunna oppussing av kjøkkenet i dåpssakristiet. Det har ikkje vore bestilling av kaker frå konfirmantforeldre.

SR 25/26

Utvalsemøte sidan sist

Orienteringssak

Formål: få ei forståing av kva utvala i soknerådet jobbar med. Her legg ein fram eit munnleg referat frå utvalsarbeidet ein er med i.

Råd og utval:

- Kyrkjeleg fellesråd – Møte 20. mai: Gjennomgang av økonomien, som gjev grunn til bekymring. Prosjekt på gang for vedlikehald av kyrkja (lekkasje i taket) har fått midlar tildelt i 2028. Neste møte 2. september.
- Koordinator for kyrkjevertgruppene – Ingen ting å melde. Eirik skulle snakke med konfirmantane om å involvere desse meir i arbeidet, men dette må vente til han er tilbake til hausten.
- Utval for kyrkjeleg undervisning og læring KUL (trusopplæringsutvalet) – ikkje hatt møte
- Diakoniutvalet – ikkje hatt møte.

SR 26/26

Universelt utforma tilgang til scenen/koren i Sveio kyrkje?

Oppfølging av sak frå møtet i mars. Solfrid Lier Habbestad orienterer.

- Saka vart utsett til neste møte etter sommaren, då Solfrid hadde meldt forfall til møtet.

SR 27/26

Gudstenesteplan for hausten 2026 – våren 2027

Vedtakssak

Vedlegg: Gudstenesteplan for hausten 2026 – våren 2027 Arbeidsdokument

Soknerådet fekk denne veka utkast til gudstenesteplan for hausten 2026 – våren 2027 frå prestane.

Soknerådet har fått innspel frå Sveio bedehus om gudstenesteplanen kan bli fastsett tidlegare på våren, då dei ikkje kan melde inn ønska bruk av Soknehuset før etter soknerådet har vedteke gudstenesteplanen.

Endring i gudstenesteplanen for inneverande år: 26. juli 2026 skal den gå i Sveio (endra frå Førde).

Innspel til planen:

13. september 2026: blir flytta frå Eikeland til Sveio (byttar 6. september), etter innspel frå Trude Christina Halvorsen – Kirkens SOS Bjørgvin offer i samband med dagen for sjølvmoordsførebygging. Evt. besøk frå Kirkens SOS Bjørgvin må avklarast med prestane. 25. juli 2027 må endrast frå Førde til Sveio.

Fordeling av offer vart drøfta i møtet og ført inn i planen.

Vedtak:

1. Soknerådet godkjenner gudstenesteplanen for Sveio sokn hausten 2026 – våren 2027, med justeringane innspelt i møtet.
2. Soknerådet bed om at utkast til gudstenesteplan for hausten 2027 – våren 2028 blir lagt fram for soknerådet i møtet i mars 2027, slik at soknerådet kan gjere ein god prosess før planen blir vedteken.

SR 28/26

Høyring rammeplanar for kyrkjeleg undervisning

Vedtakssak

Vedlegg: Høyringsdokument med vedlegg frå Kyrkjerådet (høyringsnotat, høyrings spørsmål, rammeplaner for kirkelig undervisning og læring, veiledende lister over bibeltekster, veiledende lister over praksisformer, veiledende lister over salmer)

«Kirkemøtet vedtok i sak KM 06/24 *Plan for kirkelig undervisning og læring – overordnet del*. I vedtaket ba Kirkemøtet Kirkerådet om å forberede rammeplaner for kirkelig undervisning og læring til behandling på senere Kirkemøter. På denne bakgrunn har Kirkerådet fått utarbeidet seks rammeplaner for følgende målgrupper: 0–5 år, 6–12 år, 13–19 år, konfirmanntiden, unge voksne og voksne.»

Høyringsfristen er **15. september 2026** og **høyringsvar skal leverast** digitalt via Kyrkjerådets høyringsløsning.

Vedtak:

Soknerådet delegerer til Utval for kyrkjeleg undervisning og læring og Gudstenesteutvalet å gå gjennom og førebu svarskjema for høyringsspørsmåla innan 1. september.

Leiar, eller den leiar delegerer det til, leverer så samla høyringsvar innan høyringsfristen.

SR 29/26

Møteplan for hausten 2026

Vedtakssak

Siste år har vi forsøkt med færre møter i soknerådet, samanlikna med året før, då det var eitt møte i månaden. Korleis har dette fungert? Korleis fungerer torsdag som møtedag? Skal vi halde fast på den eller byte dag?

Som eit utgangspunkt, hadde leiar i møtepapira sett opp to forslag til møteplan for hausten, eitt basert på slik vi gjorde det i fjor og eitt med møte kvar månad:

Alternativ 1 – som hausten 2025

Torsdag 27. august klokka 17:30 – 19:30

Torsdag 24. september klokka 17:30 – 19:30

Torsdag 19. november klokka 17:30 – 19:30

Alternativ 2 – med møter kvar månad

Torsdag 27. august klokka 17:30 – 19:30

Torsdag 24. september klokka 17:30 – 19:30

Torsdag 22. oktober klokka 17:30 – 19:30

Torsdag 26. november klokka 17:30 – 19:30

Innspel i møtet:

- Prosten inviterer til prostidag 22. oktober på Tysnes. Det er difor dumt å leggje opp til møte i soknerådet denne dagen.
- Det har vore litt lenge mellom møta, slik det har vore siste året, og det vert hektisk om ettermiddagen med møter 17:30.

Forslag til møteplan, lagt fram i møtet (alternativ 3):

Torsdag 20. august klokka 19 – 21

Torsdag 17. september klokka 19 -21

Torsdag 15. oktober 19-21

Torsdag 12. november klokka 19-21

Vedtak:

Soknerådet vedtek møteplan framlagt i møtet, alternativ 3



SR 30/26 Praktiske oppgåver i samband med konfirmanffesten 3. september

Saka er ei oppfølginga av handsaminga i felles soknerådsmøte i april.

Sveio skal levere 8-10 kaker, men det er mange konfirantar i år, så vi bør satse på 10 stk.

Følgjande meldte seg i møtet/må ordne ei kake:

Lars Reiersen - dessertkake (gluten og laktosefri)

Leiv Rossehaug – Lady golden glow

Hildur Larsen – lagar to kaker, glutenfri sjokoladecake og festkake

Rikard Stokkenes – Gulerotkake

Astrid Yasmin Furdal – Sjokoladecake

Lars Edvard Larsen – ordnar ei kake

Rune Hjelmeseter – Cafe stings sjokoladecake

Sigrund Breistig – må ordne ei kake

Bente Hovland Johannessen – må ordne ei kake

Sveio skal rydde lokalet etter festen.

SR 31/26 Eventuelt

Her kjem saker som er meldt inn under eventuelt i sak 22.

Lekkasje i taket i kyrkja. Leiar tek kontakt med fellesrådet om oppfølging av saka.

Skadeomfanget blir berre større dersom ein ventar i fleire år med å gjere noko.

Forslag om at ein kan vise fotball på storskjerm i Soknehuset ved neste meisterskap, då dette ikkje har kostnader når kampane blir vist på NRK og det ikkje vert teke inngangspengar eller selt noko. Leiar melder forslaget vidare til kyrkjeverja.

SR 32/26 Møtekritikk

Formål: få ein betre forståing for kva som fungerer og ikkje fungerer i møtegjennomføring. Her legg ein fram ris og ros frå møtegjennomføring.

Ingen merknader.

Møtet vert avslutta.

Rune Hjelmeseter